



Arkivnr: 2015/12709-5
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.05.2017

Godkjenning av prosjektrekneskap Stend vgs – Ombygging for tilrettelagt opplæring

Samandrag

Fylkestinget vedtok i 2013 at prosjekt med rekneskap som overstig 10 mill. kr skal ha ekstern revisjon og handsaming i kontrollutvalet. Deretter skal prosjektrekneskapane gjennom politisk handsaming. Prosjekt som har rekneskapsført mindre enn 10 mill. kr skal ha same prosedyre dersom rekneskapen avvik meir enn 10 % frå prosjektet sitt opphavlege budsjett.

Uttalen frå kontrollutvalet ligg ved denne saka frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet. Saka omhandlar prosjektrekneskap for:

Prosjekt 2127 Stend vidaregåande skule – Ombygging for tilrettelagt opplæring. Prosjektkostnad kr 32 447 562, meirforbruk kr 17 442 562 eller 116,3 %

Prosjektrekneskapet vart handsama i kontrollutvalet 20.12.2016. Uttale frå kontrollutvalet for prosjektet er vedlagt saka, og er også vist til i teksten under. I forkant av handsaminga i kontrollutvalet har Deloitte, gjennom revisjonsmeldingar, stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisande bilete av prosjektet, og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Fylkesrådmannen tilrår at dei framlagte prosjektrekneskapa vert godkjend.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet for prosjekt 2127 Stend vidaregåande skule – Ombygging for tilrettelagt opplæring

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalssak
- 2 Rekneskapsavslutning prosjekt nr 02127 Stend vgs - omb. for tilrettelagt opplæringpdf
- 3 Rekneskapsavslutning prosjekt nr. 02127 Stend vgs - omb. for tilrettelagt opplæringpdf
- 4 Revisoruttale prosjektrekneskap Stend

Fylkesrådmannen, 24.03.2017**Bakgrunn**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Sak og uttale frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen. Sekretariatet har motteke revisjonsuttale frå Deloitte på det avslutta prosjektrekneskapet:

Prosjekt 2127 Stend vidaregåande skule – Ombygging for tilrettelagt opplæring

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapet gjev eit rettvisebilde av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Kostnad og avvik

Prosjektnr	Eining	Prosjektformål	Løyving	Rekneskap	Avvik	Avvik %
2127	Stend vidaregåande skule	Ombygging for tilrettelagt opplæring	kr 15 000 000	kr 32 447 562	-kr 17 447 562	-116,3 %
		Total løyving	kr 32 000 000	kr 32 447 562	-kr 447 562	-1,4 %

Som prosjektrekneskapen vider er det eit meirforbruk på kr 17 447 562 (116,3%) i forhold til opphavsleg løyving og eit meirforbruk på 447 562 (1,4 %) i forhold til total løyving.

Fylkesrådmannen er samd i at grunnlagsmaterialet for kalkylane for dette prosjektet kunne vore betre. I tillegg kan det peikast på følgjande forklaringar til den auka prosjektkostnaden:

- Generelt høgare prisnivå på ombygging og rehabilitering i marknaden enn forventa
- Meir omfattande ombygging enn det som vart klarlagt før prosjektering og rivingsarbeid vart gjennomført.
- Bruksendring av eit opphavsleg internatbygg til føremål spesialundervisning.
- Omsyn til byggets verneverdi (middels/stor) både når det gjeld bygningsstruktur/eksteriør og bygget som ein del av heilskapen i området ved Stend hovedgård

Kontrollutvalet

Sekretariatet merkar seg at det i dette prosjektet er eit stort avvik mellom opphavsleg løyving og framlagte prosjektrekneskap. Det kan difor, som kontrollutvalet også har merka seg ved fleire tidlegare høve, vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok også i dette prosjektet.

Kontrollutvalet 20.12.2016 – 143/16 Stend vgs- vedtok følgjande uttale ;

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk og tar konklusjonen til etterretning.
2. Utvalet har igjen merka seg at dette prosjektet har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutineane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader er gode og dekkande nok

Avslutning av rekneskapane

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapa vert godkjend, og syner til at det er gjort tiltak og sett i verk handlingsplan for betre prosjektstyring. Fylkesrådmannen syner også til den pågåande forvaltningsrevisjonen av investeringsplanlegging i HFK.

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 04.05.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapen for prosjekt 2127 Stend vidaregåande skule – Ombygging for tilrettelagt opplæring.